PS 12/15 Retningsliner for skuleskyss i Valle kommune

Saksprotokoll i Formannskapet - 23.03.2015

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Sissel Åkre:
Det må opparbeidast snuplass i Sagi-krysset, slik at skulebussen kan snu her.

Rådmannens innstilling vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Valle kommune fylgjer det fylkeskommunale skuleskyssreglementet med unntak av pkt. b), og d).

a) Avstand på 2 000 m for elevar på 1. årstrinn og 4000 m for elevar på 2. – 10. årstrinn mellom heim og skule får fri skyss. Heimar som ligg i grenseland vert målt "frå dør til dør".
*b) Avstand på minst 2000 m **og** 175 høgdemeter for elevar på 2. – 7 årstrinn får fri skyss.*
c) For elevar som har rett på skyss etter punkt a) og b),vert det gjort ei vurdering av akseptabel gangavstand fram til næraste haldeplass. *Valle kommune fylgjer fylkeskommunen si vurdering.* Det vert lagt vekt på avstand, topografiske og klimatiske forhold.
d) Strekningar som kommunen definerer som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg gir rett til fri skyss. Til grunn for dette skal ligge vurdering av trafikktilhøve, manglande gang- og sykkelveg, topografi og klimatiske tilhøve.
Ut frå dagens trafikktilhøve vert desse strekningane vurdert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg:

Hylestad skule:
- Nord for Sylvartun grunna mangel på gang- og sykkelveg.

Valle skule:
- Frå Harstadberg for elevar frå Tveiten/Brottveit grunna manglande gang- og sykkelveg langs rv 9.
- Sandnes/Kvestad grunna manglande gang- og sykkelveg langs rv 9.
- Vest for Hallandsbrua for elevar frå Berg og Bø grunna manglande gang- og sykkelveg langs rv 9

Det må opparbeidast snuplass i Sagi-krysset, slik at skulebussen kan snu her.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 25.03.2015

Handsaming:
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak:
Valle kommune fylgjer det fylkeskommunale skuleskyssreglementet med unntak av pkt. b), og d).
a) Avstand på 2 000 m for elevar på 1. årstrinn og 4000 m for elevar på 2. – 10. årstrinn mellom heim og skule får fri skyss. Heimar som ligg i grenseland vert målt "frå dør til dør".
*b) Avstand på minst 2000 m **og** 175 høgdemeter for elevar på 2. – 7 årstrinn får fri skyss.*
c) For elevar som har rett på skyss etter punkt a) og b),vert det gjort ei vurdering av akseptabel gangavstand fram til næraste haldeplass. *Valle kommune fylgjer fylkeskommunen si vurdering.* Det vert lagt vekt på avstand, topografiske

og klimatiske forhold.
d) Strekningar som kommunen definerer som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg gir rett til fri skyss. Til grunn for dette skal ligge vurdering av trafikktilhøve, manglande gang- og sykkelveg, topografi og klimatiske tilhøve.
Ut frå dagens trafikktilhøve vert desse strekningane vurdert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg:

Hylestad skule:
- Nord for Sylvartun grunna mangel på gang- og sykkelveg.

Valle skule:
- Frå Harstadberg for elevar frå Tveiten/Brottveit grunna manglande gang- og sykkelveg langs rv 9.
- Sandnes/Kvestad grunna manglande gang- og sykkelveg langs rv 9.
- Vest for Hallandsbrua for elevar frå Berg og Bø grunna manglande gang- og sykkelveg langs rv 9

Det må opparbeidast snuplass i Sagi-krysset, slik at skulebussen kan snu her.

.